

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/17	Levekårsutvalet	PS	21.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	17/3367

Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås 2016-2017

Vedlegg :

Tilstandsrapport-for-grunnskolen-2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Melding om kvalitet og tilstand i grunnskulen i Lindås 2016-2017 er teken til orientering.

Levekårsutvalet - 052/17

LE - behandling:

Kristin Moe-kommunalsjef og Ragna Midtbø-einingsleiar skule, Grunskule svarte på spørsmål i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Innstilling i Levekårsutvalet - 21.11.2017:

Melding om kvalitet og tilstand i grunnskulen i Lindås 2016-2017 er teken til orientering.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet 21.november 2017.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret 7.desember 2017.

Bakgrunn

Meldinga er heimla i Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang, som mellom anna seier:

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd.

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleigar, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.

Tilstandsrapporten er ei skildringa av tilstanden i grunnskuleopplæringa i Lindås kommune for skuleåret 2015-16, og inneheld ei skildring av lokale mål og utvikling samt vegen vidare i kvalitetsarbeidet.

Vurdering

Det er sett nasjonale krav til innhaldet i tilstandsrapporten, som eit minimum skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kommunane kan utvide rapporten til å omhandle fleire tema ut frå lokale behov.

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Lindås 2016-2017 har følgjande hovudområde:

- Elevar og undervisningspersonale
- Læringsmiljø
- Læringsresultat
- Tidleg innsats
- Spesialundervisning
- Skulefritidsordning
- Vidareutdanning
- Vaksenopplæring
- System for oppfølging
- Utviklingsarbeid – lokale og overordna satsingar
- Konklusjon

Saman med data henta frå Skoleporten, er kvart hovudområde skildra med lokale mål, vurdering av utvikling samt plan for vidare arbeid.

Rapporten blir drøfta i Levekårsutvalet den 21.november og i kommunestyret den

7. desember 2017.